



I år vert det lova godt ver under konsertane her.

Etter det kraftige regnveret under fjorårets Festidalen er det kjekt å registrera dei gode meldingane for den komande festivalhelga. Det er lova delvis skya med sol, og det må vera festivalver av beste sort. Det kan rett nok koma litt regn tidlegare i veka, men regnvarselet er det mest usikre frå yr.no.

Jordet oppe på Dønhaug fekk hard medfart under fjorårets Festidalen. Det er derfor sådd på nytt. For at det skulle bli mest mogeleg robust til å tola påkjenninga frå mykje folk, har det blitt slått ganske ofte for å få tettare vekst. Denne jobben har søstrene Veslemøy og Solveig Haugland stått for. No framstår jordet særdeles innbydande og klar til å ta mot folkemassane.

Og mykje folk vert det. Det vert rapportert at billettalget går svært godt og ligg langt over fjorårets tal. Derfor er det viktig at ein sikrar seg billett, enten ved å kjøpa eller ved å melda seg som frivilleg eine dagen. I fjor vart det som kjent utselt begge dagar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland